



Forkynnar-veteranar nyt betasuppe: Leif Nesheim, Gunnar Kjærland og Thor Lakselv

Stor takksemd overfor dei mange som har teke eit krafttak for indremisjonen i Uskedalen gjennom 150 år prega jubileumsmarkeringa i bedehuset ikveld. 50 feststemte frammøtte vart servert både mange gode ord, vakker musikk og sang og betasuppe og blautkake og vil minnst samkoma lenge. Leiar gjennom snart 10 år Jon Harald Kjærland leia festen der ein verkeleg veteran, forkynnar Leif Nesheim, held festtala. Tidlegare i veka har han tala og sunge under 3 møter her.



Jon Harald Kjærland og Sella Hjørnevåg hadde ein historisk gjennomgang

Han tok utgangspunkt i Det Gamle Testamente og dei 3 store årlege festane i Jerusalem som jødane søkte til og som betydde så mykje for dei. Der møtte dei vener og dei møtte sin Gud før dei tok med hans velsigning tilbake.

Nesheim, som opprinneleg er frå Eksingedalen men bur på Knarvik, seier til uskedalen, no at han har hatt ei fin veke i Uskedalen, Særleg var det godt frammøte onsdag, men han strekar under at kor mange som kjem ikkje er det viktigaste. Han er også ein god og varm songar og hadde mykje av æra for den gode stemning som prega festen. Nesheim har no vore forkynnar i 40 år.

Festen vart opna av 5 unge tilknytte Hobbyklubben som song leia av Svanhild Haugland. Dei var Amalie H.Rød, Andrea Hjelmeland, Jonathan Taranger, Ronya Lakselv og Niklas Lakselv. Seinare var det Camilla Myklebust som hadde ein songsekvens der ho også dvelte ved Hans Nilsen Hauges oppleving.

Det var også to slags historiske kavalkadar, munnleg ved Kjærland og Sella Hjørnevåg og med bilete som utløyste mange minner. Leiaren opplyste mellom anna at då bedehuset vart vigsla i 1933 deltok 300 gjester i 6 timar.

Men det var i ei anna tid...



Gigantkake omfatta to jubileumsfeiringar!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Camilla Myklebust hadde også ein songsekvens